



Saksbehandlar: Linn Kvinge

Vår dato:
20.02.2014
Dykkar dato:
14.11.2013

Vår referanse:
2013/3446
Dykkar referanse:

Holmedal Montessoriskule
ved styreleiar

6982 Holmedal

ENDELEG TILSYNSRAPPORT

Holmedal Montessoriskule

986236147

**Styret sitt ansvar for å ha rett og
nødvendig kompetanse i verksemda**

Innholdsliste

1 Innleiing	3
1.1 Tema for tilsynet: Styret sitt ansvar for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda	3
1.2 Om gjennomføringa av tilsynet	4
1.3 Om tilsvinsrapporten	4
2 Kort om Holmedal Montessoriskule	5
3 Samansetjing av styret.....	6
3.1 Rettslege krav	6
3.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar	6
4 Inntak - reglement, søknadsskjema og praksis ved inntak	6
4.1 Rettslege krav	6
4.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar	8
5 Rett og nødvendig kompetanse i verksemda	9
5.1 Rettslege krav	9
5.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar	10
6 Tilstandsrapport	11
6.1 Rettslege krav	11
6.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar	12
7 Verksemdbasert vurdering.....	12
7.1 Rettslege krav	12
7.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar	13
8 Kompetansekrav ved tilsetjing.....	13
8.1 Rettslege krav	13
8.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar	14
9 Utdanningsdirektoratet sine reaksjonar	15



1 Innleiing

Utdanningsdirektoratet fører tilsyn med skolar godkjende etter lov om private skolar med rett til statstilskott (privatskolelova) av 4. juli 2003 nr. 84, jf. § 7-2 første ledd.

Det rettslege grunnlaget for tilsynet er privatskolelova, forskrifter gjevne med heimel i denne og føresetnadene i godkjenninga av den enkelte skolen i samband med tillatne øvre elevtal og utdanningsprogram. Rettslege plikter etter anna lovgjeving og regelverk blir kontrollerte i den grad privatskolelova, forskriftene til denne eller godkjenninga av skolen viser til det.

Dersom det under tilsynet blir avdekt forhold i strid med dei rettslege krava som skolen har fått, kan Utdanningsdirektoratet reagere på dette i samsvar med reaksjonsregel § 7-2a i privatskolelova. Mogelege reaksjonar etter denne regelen er å påleggje retting, halde attende statstilskot, krevje attende statstilskot og trekkje attende godkjenninga av skulen.

Utdanningsdirektoratet sitt tilsyn med private skolar er bruk av offentleg styringsrett, og det skjer i samsvar med reglane i forvaltingsretten. Tilsynet skal være prega av at det er ope, likebehandlar, kan etterprøvast og er effektivt.

I denne rapporten presenterer vi vurderingar og konklusjonar frå Utdanningsdirektoratet i samband med det tilsynet som er ført med Holmedal Montessoriskule, heretter omtala som skolen, i perioden frå og med 21.05.2013 til og med dags dato.

1.1 Tema for tilsynet: Styret sitt ansvar for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda

Privatskolelova opnar for at private aktørar kan gje barn og unge tilbod om grunnopplæring som eit alternativ til det ordinære offentlege opplæringstilbodet. Føresetnaden for å ha godkjenning og for å få statstilskot er at skolen blir driven i samsvar med dei krava som er fastsett i privatskolelova, i forskrifter gitt i medhald av lova eller i individuelle godkjenningar gitt av Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet kontrollerer at private skolar som får statstilskot, blir drive i samsvar med dei krava som er satt i eller i medhald av privatskolelova.

Følgjande tema og rettsreglar er kontrollerte i dette tilsynet:

- Samansetjing av styret
- Inntak - reglement, søknadsskjema og praksis ved inntak
- Krav til rett og nødvendig kompetanse i verksemda
- Utarbeiding og drøfting av tilstandsrapporten
- Krav til verksemdbasert vurdering
- Kompetansekrav ved tilsetjing

Forhold som ikkje er nemnde i denne rapporten har ikkje blitt vurdert av Utdanningsdirektoratet.



1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Holmedal Montessoriskule vart opna gjennom eit brev datert 21.05.2013. Skolen vart i brevet pålagd å leggje fram ulik type dokumentasjon for Utdanningsdirektoratet.

Ein førebels tilsynsrapport vart sendt til styret 29.07.2013. I den presenterte Utdanningsdirektoratet sine førebelse vurderingar og konklusjonar. Styret kunne kommentere på innhaldet i den førebelse rapporten innan 18.08.2013.

I dei tilfella Utdanningsdirektoratet konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, omtalar vi dette som lovbro. Lovbro blir følgde opp av pålegg om retting, eller andre reaksjonar etter privatskolelova § 7-2a.

- Med lovbro meiner vi forhold som er i strid med krav som følgjer av privatskolelova, forskrifter gjevne med heimel i denne lova, og krav som står i godkjenninga.
- Med pålegg meiner vi rettsleg bindande krav til skolen om å gjere visse endringar for å rette opp lovbroa. Heimelen for pålegg om retting er privatskolelova § 7-2a fyrste ledd.

I eigenskap av å være øvste organ etter privatskolelova er det styret ved skulen som er adressat for eventuelle pålegg som blir gjevne i tilsynet.

1.3 Om tilsynsrapporten

Tilsynet er gjennomført på grunnlag av opplysningar som kjem fram i:

- Innsend dokumentasjon frå styret/skolen (sjå oversikt i vedlegg)
- Innsend eigenvurderingsskjema frå styret, leiinga og lærargruppa.

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltingslova § 2 bokstav b, og kan påklagast til Kunnskapsdepartementet. Sjå meir om klagerett og reglar for dette nedanfor.

2 Kort om Holmedal Montessoriskule

Holmedal Montessoriskule er lokalisert i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane fylke.

Skolen ble første gong godkjent for tilskot i 2005.

Skolen er godkjend etter privatskolelova § 2-1 andre ledd bokstav b på grunnlaget «anerkjend pedagogisk retning». Etter Utdanningsdirektoratet sitt vedtak datert 31. mars 2011 er skolen per i dag godkjend for inntil 50 elevar.

Per 12. juli 2013 hadde skolen til saman 45 elevar, fordelt på 1. til 7. trinn.

Bortsett fra kontroll av skolen sin årsrekneskap har ikkje Utdanningsdirektoratet tidligare ført tilsyn med skolen.



3 Samansetjing av styret

3.1 Rettslege krav

Private skolar skal ha eit styre som øvste ansvarlege organ, jf. privatskolelova § 5-1. Styret har, som det primære pliktsubjekt, ansvar for å drive skolen i samsvar med privatskolelova, forskrifter gjevne med heimel i denne lova og føresetnadene for godkjenninga. Krava til styret si samansetjing, sakshandsaming og oppgåver følgjer av §§ 5-1 og 5-2.

Styret skal vere oppnemnt i samsvar med det rettsgrunnlaget skolen er etablert i samsvar med.

Utdanningsdirektoratet sitt tilsyn er avgrensa til ein kontroll av i kva grad selskapet har oppnemnd styret i samsvar med selskapets eigne vedtekter. Denne kontrollen gjennomførast ved å stille saman dokumentasjon frå skolen med opplysningar frå Einingsregisteret.

3.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar

Utdanningsdirektoratet har motteke ei utgreiing om styret si samansetting. Utgreiinga viser at Holmedal Montessoriskule har eit styre som øvste organ. Kontrollen opp mot Einingsregisteret viser at samansetjinga av styret er i samsvar med det rettsgrunnlaget skolen blir driven etter. Styret er valt av generalforsamlinga og består av meir enn tre medlemmer, slik det er bestemt i vedtekten. Etter Utdanningsdirektoratet si vurdering er styret ved skolen oppnemnt i samsvar med privatskolelova § 5-1 første ledd.

4 Inntak - reglement, søknadsskjema og praksis ved inntak

4.1 Rettslege krav

Alle privatskolar skal ha eit inntaksreglement fastsett av styret

Alle privatskolar som er godkjende etter privatskolelova skal ha eit inntaksreglement, jf. § 3-1. Inntaksreglementet skal vere fastsett av styret, jf. § 5-2 andre ledd bokstav d), og det må oppfylle krava til innhald og sakshandsaming ved inntak.

Føremålet med inntaksreglement er at skolen skal vere open omkring kriteria for inntak ved skolen, og dermed gjere situasjonen for dei som søker, føreseieleg når det gjeld vilkåra for inntak og prosessen omkring inntaket. For å sikre dette skal inntaksreglementet vere tilgjengeleg på ein måte som gjer at søkeren og foreldra lett kan bli kjende med det.

Inntaksvilkåra skal vere dei same som ved offentlege skolar

Vilkåra for inntak av elevar til private skolar skal vere dei same som for offentlege skolar^[1], men dei private skolane skal ha heile landet som inntaksområde, jf. privatskolelova § 3-1 første ledd. Alle som oppfyller inntaksvilkåra, skal i utgangspunktet



få plass, men skolen kan ikkje ta inn fleire elevar enn det som er fastsett som øvre elevtal i godkjenninga av skolen.

Inntaksreglementet skal altså ikkje innehalde reglar som avgrensar kven som kan søkje om inntak, utover dei krava som også gjeld for offentlege skolar.

Reglementet skal innehalde prioriteringskriterium

Reglementet skal vise korleis søkerar blir prioriterte dersom det er fleire søkerar enn det fastsette elevtalet, jf. § 3-1 tredje ledd. I lova og forarbeida er det pekt på at prioriteringskriteria skal vere saklege og objektive.

Som døme på forhold som kan gje prioritet, nemner forarbeida geografisk nærleik til skolen, søkeren sine karakterar, søker med sysken ved skolen, søker som er medlem av den kyrkja eller det trussamfunnet som har etablert skolen, utanlandsk søker med behov for plass ved ein internasjonal skole, eller dersom det er ein spesialtilpassa skole, kan elevar med slike spesielle behov prioriterast.^[2]

Skolen kan operere med søknadsfrist

Skolane kan operere med søknadsfrist. Fristen skal då vere lik for alle søkerane. Skolen må opplyse om eventuelle søknadsfristar, og om det er ope for fortløpende inntak etter eit "først til mølla"-prinsipp, eller om vedtak om inntak først blir gjord etter at søknadsfristen har gått ut. Det skal også opplysast kva som skjer med for seint innkomne søkerader.

Informasjon som blir kravd av søkeren, må vere relevant

I samband med inntak kan skolen berre spørje etter informasjon som er relevant for å vurdere om søkeren oppfyller inntaksvilkåra eller prioriteringskriteria. Forarbeida uttaler at skolen ikkje må be om informasjon som er eigna til å sile søkeradene ut frå kriterium som verker diskriminerande, eller som ikkje er saklige i høve til inntaksvilkåra.^[3]

Ved tilsyn med reglene om inntak er det også relevant å undersøkje skolen sitt søkeradsskjema o.l. i tillegg til sjølve inntaksreglementet. For alle relevante aktivitetar i samband med inntak gjeld kravet til likebehandling, til at vedtaket skal vere føreseileg og til forbodet mot diskriminering. Det skal derfor ikkje vere krav til søkeren i søkeradsskjemaet eller andre stader som er i strid med eller ikkje står i samanheng med inntaksreglementet eller lova.

Avgjerder om inntak eller avslag er enkeltvedtak

Avgjerder om inntak eller avslag er enkeltvedtak, jf. privatskolelova § 3-1 sjette ledd. Forvaltingslova sine reglar om sakshandsaming av enkeltvedtak gjeld derfor i denne typen saker.

[1] Krav om inntak til offentlege skolar er fastsett i opplæringslova §§ 2-1 tredje ledd og 3-1 første ledd.

[2] Jf. Ot. prp. nr. 33 (2002-2003), kapittel 5 og merknader til § 3-1 og Innst. O. nr. 80 (2002-2003).

[3] Jf. Ot. prp. nr. 33 (2002-2003), kapittel 5.4 og Innst. O. nr. 80 (2002-2003).



4.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar

Utdanningsdirektoratet har motteke ein kopi av inntaksreglementet for Holmedal Montessoriskule, skolen sitt søkeradsskjema, styreprotokoll som viser at inntaksreglementet er vedteke, ei utgreiing for korleis inntaksreglementet vert gjort kjend for søkerane, samt kopi av tre brev med tilbod om skoleplass og eitt avslag.

Innhaldet i inntaksreglementet

Dokumentasjonen viser at skolen har eit inntaksreglement som er vedteke av styret. Reglementet er gjort kjend for søkerane gjennom publisering på skolen sin nettstad og gjennom lokalpressa. I forkant av hovudsøknadsfristen blir det også arrangert open skole, der det blir gjeve informasjon om skolen og søkeradssprosessen. Handsaming av søkeradar og tildeling av skoleplass er gratis og skolen har heile landet som inntaksområde.

Inntaksreglementet til Holmedal Montessoriskule inneholder mellom anna reglar om korleis skolen skal prioritere inntaket dersom skolen skulle oppleve fleire søkerane enn dei har plassar. Reglementet viser kva for prioriteringar som skal gjerast og korleis desse er rangert.

Det går fram av reglementet at prioriteringsreglane skal brukast ved oversøking. Prioriteringsgrunnlaget er ikkje i strid med privatskolelova §3-1 tredje ledd. Rekkjefølga mellom prioriteringane er klart angjeve. Skolen sine avgjerder om inntak og avslag blir gjorde i samsvar med inntaksreglementet.

I den førebelse tilsynsrapporten la Utdanningsdirektoratet til grunn at skolen utarbeida ei prioritert venteliste dersom det var nødvendig, og denne skulle leggjast til grunn for nye inntak dersom det i løpet av året blir ledig plass ved skolen. Det gjekk fram av inntaksreglementet at denne kunne "fråvikast etter handsaming i inntaksnemda". Utdanningsdirektoratet konkluderte med at dette innebar at skolen kunne fråveik prioriteringsreglane i inntaksreglementet i strid med privatskolelova § 3-1 tredje ledd andre punktum. Skolen har i samband med tilbakemeldinga på den førebelse tilsynsrapporten vedteke endringar i inntaksreglementet som gjer at ein ikkje lenger kan fråvike den prioriterte ventelista.

Søknadsskjema

Holmedal Montessoriskule sitt søkeradsskjema inneholder eit skjema for informasjon som skal fyllast ut av søkeren. I skjemaet som først vart sendt til Utdanningsdirektoratet etterspurte skolen informasjon om barnet sitt personnummer. Skolen har i samband med tilbakemeldinga på den førebelse tilsynsrapporten retta dette slik at det no berre vert bede om fødselsdato for søkerane. Skolen sitt søkeradsskjema er dermed i samsvar med privatskolelova § 3-1 første ledd andre punktum.

Søknadsfrist

I den førebelse tilsynsrapporten la Utdanningsdirektoratet til grunn at Holmedal Montessoriskule ikkje hadde gjort det klårt kva som var konsekvensen av å søkje for seint. I det nye inntaksreglementet til Holmedal Montessoriskule er dette regulert. Privatskolelova § 3-1 første ledd er dermed oppfylt.

Avgjerder om inntak eller avslag

Det går fram av dei innsendte døma på vedtak at Holmedal Montessoriskule gjer vedtak om tildeling av plassar som enkeltvedtak. Vedtak blir gjorde skriftleg. Det blir informert i



vedtaka om klagerett, klagefrist, klageinstans og den nærmere framgangsmåten ved klage. Vedtak om avslag blir også grunngjeve. Vedtaka er dermed i samsvar med privatskolelova § 3-1 sjette ledd, jf. forvaltingslova kapittel IV og V.

Oppsummering og konklusjon

Skolen har eit inntaksreglement som er vedteke av styret. Reglementet er gjort kjend for søkjarane og handsaming av søknadar og tildeling av skoleplass er gratis. Skolen har heile landet som inntaksområde.

Det går fram av inntaksreglementet kva som gjeld av søknadsfristar og kva som er konsekvensen av å søkje etter at fristen har gått ut. Utdanningsdirektoratet finn at krava i privatskolelova § 3-1 første ledd er oppfylt.

Holmedal Montessoriskule har i inntaksreglementet regulert korleis skolen skal prioritere søkjarar dersom skolen skulle oppleve oversøking. Skolen sine prioriteringsgrunnlag er i samsvar med privatskolelova § 3-1 tredje ledd.

Holmedal Montessoriskule gjer vedtak om tildeling av plassar som enkeltvedtak i samsvar med privatskolelova § 3-1 sjette ledd, jf. forvaltingslova kapittel IV og V.

5 Rett og nødvendig kompetanse i verksemda

5.1 Rettslege krav

Det er fleire føresegner i privatskolelova som skal sikre rett og nødvendig kompetanse hos undervisningspersonalet ved private skolar. Nedanfor er ei kort utgreiing om reglane om kompetanse som inngår i dette tilsynet.

Styret sitt ansvar

Etter privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav i) skal skolen sitt styre syte for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda. Vidare skal styret ha eit system som mellom anna gjev andre undervisningspersonale ved skolen mogelegheit til nødvendig kompetanseutvikling. Dette er viktig for å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen, og for at personalet skal kunne halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet.

Føresegna viser at det er styret som har ansvaret for kompetanseutviklinga i skolen. Dette gjeld både etter- og vidareutdanning av det pedagogiske personalet. Føresegna har to hovudformål. For det første skal den sikre at skolen til ei kvar tid har tilstrekkeleg kompetanse. For det andre skal kravet sikre at undervisningspersonell får mogelegheit til å utvikle kompetansen sin. Mogelegheit for kompetanseutvikling bidreg til å gi og oppretthalde motivasjonen til personalet, noko som i tillegg til kompetanse er ein viktig faktor for elevprestasjon.

For at styret skal kunne syte for rett og nødvendig kompetanse må styret ha oversikt over kva kompetanse undervisningspersonal til skolen har. Vidare må styret ha vurdert kva kompetanse det er behov for i verksemda til skolen. For å sikre rett vurdering av skolen sitt behov, samt å sikre at undervisningspersonalet får mogelegheit til kompetanseutvikling, må skolen innhente synspunkt frå undervisningspersonalet i ein slik vurderingsprosess.



Styret må ha ein systematisk tilnærming til vurderinga av behovet for kompetanseutvikling. Der vurderinga av skolen sin kompetanse avdekkjer eit behov for ytterlegare kompetanse, må styret vedta planar for kompetanseutvikling. Det er dessutan styret som er ansvarleg for at vedtekne kompetanseutviklingstiltak blir gjennomført.

5.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar

Utdanningsdirektoratet har motteke skolen sitt system for kompetanseutvikling og kompetanseutviklingsplan, oversikt over kompetanse, styreprotokollar frå 2011 og fram til i dag, gjeldande stillingsbeskrivingar for dei tilsette, kopi av skolen sine stillingsutlysingar, tilsettingsavtalar frå dei siste fem åra, samt utfylde eigenvurderingsskjema frå leiinga, styret og lærarane ved skolen.

I den førebelse tilsynsrapporten har Utdanningsdirektoratet lagt til grunn at Holmedal Montessoriskule kan dokumentere at dei har ei oversikt over kva for ein kompetanse personalet i skolen har.

Det vart vidare lagt til grunn at skolen har utarbeida eit system for vurdering av kompetanseutvikling. Dette hadde skolen byrja å arbeide med, gjennom mellom anna å utvikle ein oversikt over kompetansen til skolen og ein kompetanseutviklingsplan. Behovet for kompetanse var også handsama av prosjektet for verksemdbasert vurdering. Det gjekk fram av eigenvurderingsskjemaet at undervisningspersonalet sine synspunkt om skolen sitt behov for kompetanse, vart innhenta gjennom mellom anna medarbeidarsamtaler og personalmøte. I kompetanseutviklingsplanen var det gjort ei vurdering av kompetansen til dei tilsette, og kva behov dei tilsette hadde for etterutdanning/ kompetanseheving. Planen var ikkje vedteken av styret.

I tilbakemeldinga på den førebelse tilsynsrapporten skriv skulen at styret har blitt førelagt og drøfta kompetanseutviklingsplanen, men dei har ikkje gjort vedtak av denne planen. Styret kan ikkje sjå at privatskolelova § 5-2 krev at styret skal vedta kompetanseutviklingsplanen.

Utdanningsdirektoratet er samd i at det ikkje er eit krav etter privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav i at styret skal vedta kompetanseutviklingsplanen, men det er styret som skal syte for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda og styret skal ha eit system som gir dei tilsette høve til nødvendig kompetanseutvikling. Det er derfor eit krav at kompetanseutviklingsplanen blir handsama av styret.

Utdanningsdirektoratet har innhenta tilleggsdokumentasjon som viser at den delen av skolen sitt kvalitetssikringssystem som omhandlar kompetanse og kompetanseutvikling vart gjennomgått og handsama i styremøte 07.11.2013. Styret vedtok å utsetje handsaming av kompetanseutviklingsplanen fordi styremedlemmene ynskte meir tid til å setje seg inn i saka. Det går fram at kompetanseutviklingsplanen vart handsama og vedteken på styremøte 03.12.2013. Planen viser kva kompetanseutviklingstiltak som er planlagt og når dei skal gjennomførast. Det går fram av planen at kunnskap om den siste utviklinga i skolen og samfunnet er tatt med i vurderinga.

Stillingsutlysingane og styreprotokollane viser at skolen arbeider aktivt med å få tak i kvalifisert personale. I alle utlysningane går det fram at skolen søker etter "lærar med godkjend allmennlærarutdanning" og "tilleggsutdanning i montessoripedagogikk». Styreprotokollane viser vidare at det er styret sjølv som tek avgjerder om tilsettingar og oppseiningar.



Utdanningsdirektoratet vurderer at Holmedal Montessoriskule oppfyller kravet om at dei skal syte for rett og nødvendig kompetanse i verksemda, og ha eit system som gir undervisningspersonalet ved skolen mogelegheit til nødvendig kompetanseutvikling.

Oppsummering og konklusjon

Holmedal Montessoriskule har utarbeida eit system for vurdering av kompetansen i verksemda. Systemet omfattar mellom anna ei oversikt over skolen sin kompetanse og ein kompetanseutviklingsplan, og skolen sine planar blir handsama av styret. Utdanningsdirektoratet vurderer at krava i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav i er oppfylte.

6 Tilstandsrapport

6.1 Rettslege krav

Etter privatskolelova § 5-2 tredje ledd skal styret ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i gjeldande lover og forskrifter og føresetnadene for godkjenninga, blir oppfylte. Styret skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 7-2 tredje ledd. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i skolen knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Det er vidare bestemt i privatskolelova § 5-2 andre ledd, bokstav i) at styret skal drøfte den årlege tilstandsrapporten.

Kravet til at det skal utarbeidast ein tilstandsrapport vart teke inn i privatskolelova og opplæringslova som ei oppfølging av St.meld. nr. 31 (2007-2008) Kvalitet i skolen, for å gjere skoleeigar sitt ansvar for kvaliteten i opplæringa tydelegare.

Føremålet med å utarbeide ein tilstandsrapport er at skolen skal setje i verk tiltak der det blir avdekt at det er behov for det. I forarbeida til privatskolelova2 går det fram at den informasjonen som skoleeigar er pålagt å inkludere i rapporten, er den informasjon som skoleeigar kan finne på skoleporten/udir.no. Utdanningsdirektoratet har utarbeida ein mal for tilstandsrapporten som er meint å gjere utarbeidingsa av tilstandsrapporten enklare for skoleeigarane. Det er ikkje obligatorisk å bruke denne malen.

Kravet til tilstandsrapport er ikkje meint å avgrense omfanget av styret sitt forsvarlege system for vurdering og oppfølging av andre krav i privatskolelova. Utarbeiding av tilstandsrapport vil ikkje vere tilstrekkeleg til å oppfylle kravet til forsvarleg system.

For å oppfylle kravet til tilstandsrapport i privatskolelova § 5-2 må det utarbeidast ein tilstandsrapport årleg. Tilstandsrapporten må vise resultata frå dei nasjonale kvalitetsvurderingane som er gjort tilgjengeleg for skolar via Skoleporten. I rapporten må skolen inkludere tal og indikatorar knytt til kvalitetsmåla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. I tillegg må det i rapporten vere reflektert rundt resultata og årsaken til resultata frå de nasjonale kvalitetsvurderingane. Resultata må knytast opp imot skolen si verksemd.

For å oppfylle kravet til drøfting av tilstandsrapporten i styret, må styret få tilstandsrapporten årleg. Styret må deretter ha ein reell drøfting av tilstandsrapporten, og vurdere behov for tiltak på bakgrunn av rapporten. Dersom føresegna skal oppnå sitt føremål om at tiltak skal setjast i verk der det blir avdekt behov for dette, er det nødvendig at styret ikkje berre drøftar resultata og vurderinga av desse, men at styret også bruker denne informasjonen til å vurdere om det er behov for tiltak. Dersom styret



vurderer at det er behov for tiltak, er det styret sitt ansvar å syte for at tiltaka blir gjennomført.

6.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar

Utdanningsdirektoratet har motteke tilstandsrapportar frå 2010, 2011 og 2012, styreprotokollar frå dei to siste åra, samt utfylde eigenvurderingsskjema frå skoleleiinga, styret og lærarane ved skolen.

Holmedal Montessoriskule utarbeider årleg ein tilstandsrapport etter Utdanningsdirektoratet sin mal i skoleporten. I tilstandsrapporten går skolen gjennom resultata frå nasjonale kvalitetsvurderingar. Tilstandsrapporten viser tall og indikatorar knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Skolen har gjort utfyllande vurderingar av tilstanden og har klare lokale mål for det vidare arbeidet.

Det går fram av styreprotokollane at tilstandsrapporten har blitt lagt fram for og drøfta av styret årleg. Av eigenvurderingsskjema går det fram at styret drøftar behov for tiltak på bakgrunn av rapportane, og at tiltaka som styret har bestemt blir gjennomførde i praksis.

Utdanningsdirektoratet finn etter dette at krava i privatskolelova §§ 5-2 andre ledd bokstav k og 5-2 tredje ledd er oppfylte.

7 Verksemdbasert vurdering

7.1 Rettslege krav

Det er fastsett i forskrift til privatskolelova § 2-1 at skolen jamleg skal vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidreg til å nå dei måla som er satt i den læreplanen skolen har fått godkjent etter privatskolelova § 2-3.

Eit av føremåla med verksemdbasert vurdering er å setje fokus på skolen sitt utviklingspotensial. I tillegg er skolen si vurdering av eiga verksemd opp i mot måla i læreplanen, eit relevant grunnlag for styret sin tilstandsrapport.

Det er styret som er ansvarleg for at den verksemdbaserte vurderinga blir gjennomført i samsvar med krava i forskrifta. For at styret skal kunne sikre at skolen vurderer eiga verksemd opp i mot måla i læreplanen, må det vere etablert ein rutine for korleis og når den verksemdbaserte vurderinga skal gjennomførast. Rutinen må sikre at den verksemdbaserte vurderinga blir gjort jamleg, og som eit minimum må frekvensen for vurderinga vere satt i system.

Den verksemdbaserte vurderinga må innehalde både kartlegging og analyse. Dette inneber at skolen må ha vurdert kva kjelder som kan gi informasjon om i kva grad kompetansemåla i læreplanen er nådde. Deretter må skolen vurdere kva denne informasjonen indikerer når det gjeld grad av måloppnåing. Analysen må knytte informasjonen og vurderinga opp i mot skolen sin organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæring. Skolen må også reflektere rundt kva som er årsaka til både tilfredsstillande og eventuelt utilfredsstillande måloppnåing.

For at den verksemdbaserte vurderinga skal gje eit godt grunnlag for utvikling, er det nødvendig med tilstrekkeleg medverknad og involvering frå undervisningspersonalet.



Særleg når det gjeld vurderinga av årsak til eventuell utilfredsstillende måloppnåing, er det nødvendig med undervisningspersonalet sine synspunkt. Det er viktig at den verksemdbaserte vurderinga blir knytt tett opp til gjennomføringa av opplæringa, og det er lærarane som har fyrstehands kunnskap om dette.

7.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar

Utdanningsdirektoratet har motteke informasjon om skolen sitt skoleutviklingsprosjekt, ein oversikt over progresjonen i arbeidet med prosjektet, og referat frå møter i prosjektgruppa. Vi har også motteke styrreferat frå dei siste to åra, tilstandsrapportar frå dei siste tre åra, samt utfylte eigenvurderingsskjema frå leiinga, styret og lærarane ved skolen.

Eigenvurderingsskjema viser at skolen har oversikt over kva mål som er fastsett i den læreplanen skolen har fått godkjend etter privatskolelova § 2-1.

Av eigenvurderingsskjemaet går det også fram at skolen har gjort ei vurdering av kva kjelder som skal gje informasjon om i kva grad måla som er fastsett i læreplanen er nådde. Dette blir stadfesta av tilstandsrapportane.

Dokumentasjonen viser at Holmedal Montessoriskule har rutinar for korleis og når den verksemdbaserte vurderinga skal gjerast. Skolen har starta eit prosjekt for utvikling. Prosjektet har sett seg mål som prosjektgruppa arbeider systematisk med, og progresjonen i arbeidet blir registrert i eit system. Ein må sjå prosjektet i samanheng med tilstandsrapportane, der skolen vurderer kjeldene for informasjon om måloppnåing. I prosjektet blir informasjonen som kjem fram om skolen si måloppnåing brukt for å setje i verk ytterlegare tiltak. Det går fram at det er brei medverknad i arbeidet.

8 Kompetansekrav ved tilsetjing

8.1 Rettslege krav

Krav ved tilsetjing

Etter privatskolelova § 4-2 fyrste og andre ledd gjeld kompetansekrava i § 10-1 i opplæringslova med tilhøyrande forskrift for undervisningspersonalet ved skolar som er godkjende etter privatskolelova. Med heimel i § 4-2 tredje ledd er det høve til å fastsetje alternative kompetansekrav for undervisningspersonalet ved skolar godkjende på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning. Det er ikkje gjeve alternative krav for skolar godkjent på grunnlag av montessoripedagogikk.

Det følgjer av § 4-2 andre ledd at det berre kan tilsetjast søkerar som ikkje oppfyller kompetansekrava, dersom det ikkje finnes søkerar som oppfyller desse krava. Søkerar som ikkje oppfyller kompetansekrava, kan dessutan berre tilsetjast midlertidig. Med mindre det er avtalt ein kortare tilsetjingsperiode, følgjer det av privatskolelova at ei midlertidig tilsetjing varer til og med 31. juli.

Krav til spesialkompetanse

For skolar som er godkjende på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning, gjeld det i tillegg til kompetansekravet i privatskolelova § 4-2, eit krav om spesialkompetanse relatert til den pedagogiske retninga. Kravet til spesialkompetanse er utleia av



privatskolelova § 2-1 og Ot.prp. nr. 37 (2006-2007) Om lov om endringar i friskolelova. Utdanningsdirektoratet har også utarbeida eit eige rundskriv om spesialkompetanse for undervisningspersonalet i montessoriskolar, rundskriv 5-2012.

Kravet til skolar som er godkjende på grunnlag av anerkjend pedagogisk retning, er at minst 50 prosent av undervisningspersonalet må ha spesialkompetanse innanfor montessoripedagogikk. Kravet relaterer seg til stillingsprosent som undervisningspersonale, og ikkje talet på tilsette som har spesialkompetanse. For montessorigrunnskolar kan andelen på 50 prosent omfatte ei skjønnsprega vurdering av om lag 10 prosent, der forhold som blant anna intensjonsavtalar om utdanning, realkompetanse under fem års varighet, mentorordningar, pedagogiske veiledarar og internopplæring kan vurderast.

Kravet til spesialkompetanse betyr at minimum 40 prosent av undervisningspersonalet (berekna ut frå stillingsprosent) må ha vidareutdanning i montessoripedagogikk eller realkompetanse på minimum fem år. Vidareutdanninga må vere gjennomført ved NOKUT-godkjende utdanningsinstitusjonar for å kunne reknast som spesialkompetanse innan montessoripedagogikk. Andre anerkjende etterutdanningar kan også vurderast som relevant spesialkompetanse. Utdanninga må ha eit omfang på minimum 60 studiepoeng, eller tilsvarende eitt års varighet.

8.2 Utdanningsdirektoratet sine observasjonar og vurderingar

Utdanningsdirektoratet har motteke skolen sitt system for kompetanseutvikling og kompetanseutviklingsplan, oversikt over kompetanse, styreprotokollar frå 2011 og fram til i dag, gjeldande stillingsbeskrivingar for dei tilsette, kopi av skolen sine stillingsutlysingar, tilsettingsavtalar frå dei fem siste åra, samt utfylde eigenvurderingsskjema frå leiinga, styret og lærarane ved skolen.

Krav ved tilsetting

Holmedal Montessoriskole opererer med tre former for stillingar: Fast tilsett, mellombels tilsett og fast tilsett under føresetnad av at ønskt kompetanse blir oppnådd. Den siste gruppa er i tilsetjingsavtalane omtala som mellombels tilsett. Likevel er det ikkje spesifisert kva for tidsperiode den mellombelse tilsettinga skal vare, kva som vil vere konsekvensane av at kompetanse ikkje blir oppnådd og kva tid vedkommande skal ha fullført kompetansekravet. Utdanningsdirektoratet meiner at tilsetting i fast stilling med vilkår om at nødvendig utdanning blir fullført, er å rekne som fast stilling og ikkje som mellombels stilling.

Utdanningsdirektoratet har motteke kopi av Holmedal Montessoriskule sine stillingsutlysingar frå dei siste fem åra. Det går fram av utlysingane at skolen har stilt krav om kompetanse i samsvar med privatskolelova § 14-2.

Dokumentasjonen som Utdanningsdirektoratet har motteke viser at to av dei tilsette ved skolen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse etter privatskolelova § 4-2 første og andre ledd, jf. opplæringslova § 10-1 med tilhøyrande forskrift. Ein av desse er tilsett i fast stilling. I den førebelse tilsynsrapporten konkluderte Utdanningsdirektoratet med at skolen ikkje oppfyller krava i privatskolelova § 4-2, jf. forskrift til opplæringslova § 14-2. Den aktuelle personen skulle ha vore tilsett i mellombels stilling fram til han har oppnådd tilstrekkeleg kompetanse.



I tilbakemeldinga på den førebelse tilsynsrapporten skriv styret at dei tek til vitande at Utdanningsdirektoratet meiner at fast stilling på vilkår av fullført utdanning er å rekne som fast stilling, og ikkje mellombels stilling. Ettersom det er styret sjølv som står for tilsetjing av alt personale ved Holmedal Montessoriskule, legg Utdanningsdirektoratet til grunn at skolen har endra praksisen for tilsetjing i faste og mellombelse stillingar.

Når det gjeld den aktuelle personen som er tilsett i fast stilling så går fram at vedkomande har tilbod frå skolen om å fullføre nødvendig utdanning.

Krav til spesialkompetanse

Utdanningsdirektoratet har motteke ei oversikt over den faglege og pedagogiske kompetansen til det pedagogiske personalet ved Holmedal Montessoriskule. Det går fram av oversikta at av totalt 6,8 undervisningsstillingar har 4,2 enten meir enn fem års realkompetanse eller tilstrekkeleg utdanning i montessoripedagogikk. Det inneber ein dekningsgrad på 61 prosent. I tillegg er det to lærarar som er under utdanning. Om desse fullfører vil skolen innan 2014 ha ei dekningsgrad på 88 prosent. Skolen oppfyller dermed kravet til spesialkompetanse jf. privatskolelova § 2-1 og Ot.prp. nr. 37 (2006-2007).

Oppsummering og konklusjon

Holmedal Montessoriskule har ved utlysningar dei siste åra stilt krav om kompetanse i samsvar med privatskolelova § 14-2. Skolen tilsett berre personar i fast stilling som oppfyller krava til kompetanse, jf. privatskolelova § 4-2, jf. forskrift til opplæringslova § 14-2.

Skolen har tilstrekkeleg kompetanse i montessoripedagogikk jf. privatskolelova § 2-1.

9 Utdanningsdirektoratet sine reaksjonar

På bakgrunn av det som går fram av kapitla over vedtek Utdanningsdirektoratet ingen pålegg eller andre reaksjonar, jf. privatskoleloven § 7-2a første ledd.

Skolen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltingslova § 18.

Med helsing

Bente Barton Dahlberg
avdelingsdirektør

Linn Kvinge
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Vedlegg: Liste over dokumentasjon sendt inn av skolen

Kopi: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Vedlegg: Liste over dokumentasjon sendt inn av skolen

- Vedtekter
- Opplysningar om kven som er i styret
- Skolen sitt inntaksreglement
- Skolen sitt søknadsskjema
- Styreprotokoll som viser vedtakinga av inntaksreglementet
- Kopi av tre vedtak om inntak (anonymiserte)
- Kopi av tre avslag om inntak (anonymiserte)
- Utgreiing om korleis inntaksreglementet blir gjort kjent for søkerarar
- Styreprotokollar med vedlegg frå 2011 og fram til i dag
- Gjeldande stillingsinstruksar for lærarpersonale
- Gjeldande kompetanseutviklingsplan
- Organisasjonskart
- Tilstandsrapportar (dei to siste)
- Styreprotokollar med vedlegg frå 2011 og fram til i dag
- Styreprotokollar med vedlegg frå 2011 og fram til i dag
- Gjeldande plan for verksemdbasert vurdering
- Kopiar av stillingsutlysingar frå dei siste 5 åra
- Tilsetjingsavtalar frå dei siste 5 åra, for tilsette som framleis er tilsett ved skolen
- System for kompetanseutvikling